

VEDLEGG 3

År 1987, den 17. september vart Nord- og Midhordland jordskifte-rett sett i huset til Ingvald Bongom på gnr. 174, bnr. 5 i Lindås.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ole Johan Serigstad.

Meddommarar: 1. Kåre Refsdal, Vågseidet
2. Kristen Laastad, Vågseidet

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr. 9/1984.

Partar:

Ingvald Bongom,	eigar	av gnr. 174,	bnr. 4	og 5
Arnulf Hjelmtveit,	"	" 174,	"	6
Mogens Holst Dalvang,	"	" 174,	"	9
Astrid og Atle Aalen,	eigarar	" 174,	"	13
Gunnar Hammerstad,	eigar	" 174,	"	20 og 34
Ole Hopland,	"	" 174,	"	24
Andreas Dalstø,	"	" 174,	"	27
Lars Sellevold og				
Berta Totland,	eigarar	" 174	"	36

Saka gjeld:

Ny handsaming av veg nr. 2 utlagt ved utskiftinga på Totland, tgl. 7. januar 1893.

Der møtte:

Aasta og Ingvald Bongom, Arnulf Hjelmtveit, Atle Aalen, Gunnar Hammerstad, Ole Hopland, Andreas Dalstø og Lars Sellevold.

Atle Aalen møtte for Astrid Aalen og Lars Sellevold møtte for Berta Totland. For Mogens Dalvang møtte Ingeborg Dalvang med skriftleg fullmakt.

Reglane for ugildskap er gjort kjende for partane og meddommarane saman med innkallinga. På spurnad visste ingen om tilhøve som skulle gjere nokon av rettsmedlemene ugilde.

Jordskiftemeddommar Kåre Refsdal har tidlegare gjort teneste i jordskifterett. Jordskiftemeddommar Kristen Laastad som ikkje tidlegare har gjort slik teneste, skreiv under på slik

forsikring:

Eg forsikrar at eg i denne saka og i alle jordskiftesaker i framtida vil gjere pliktene mine som jordskiftemeddommar ærleg og med truskap.

Kristen Laastad (s)

Ingen hadde merknad til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la fram:

1. Krav om jordskiftesak, dat. 4/6 1984, frå Ingvald Bongom.
2. Innkalling til rettmøtet, dat. 13. august 1987, vedhefta kvittering for rek. brev.
3. Kopi av skøyte, dat. 2/3 -87, der Gunnar Hammerstad vert eigar av bnr. 20 og 34.

4. Fullmakt, dat. 16/3 -87, fra Mogens Holst Dalvang til Ingeborg Dalvang.

Dok. nr. 1, kravet, er tidlegare gjort kjent for partane.
Dok. nr. 2 og 4 vart nå opplese. Ingen hadde merknad.

Partane fekk høve til å koma med sine syn på saka.

Det vart lagt fram:

5. Utskrift vedk. utskifting på Totland, tgl. 25. april 1892.
6. Kopi vedk. overutskifting på Totland, tgl. 7. januar 1893.
7. Fotokopi av kart i M 1:1500, oppteke 1988-89, vedk. utskiftinga på Totland.
8. Kopi av skyldskifte, dat. 29. april 1944, vedk. bnr. 9.
9. Skyldskifte, dat. 21. juli 1962, vedk. bnr. 20.
10. Skyldskifte, dat. 15. august 1964, vedk. bnr. 24.
11. Skyldskifte, dat. 2. oktober 1965, vedk. bnr. 27.
12. Kopi av skyldskifte, dat. 22. november 1975, vedk. bnr. 36.

Ingvald Bongom, bnr. 4 og 5, sa at denne saka gjeld veg nr. 2, sjøvegen, utlagt ved utskiftinga i 1890 - 93. Han sa vidare at retten må ta stode til om bnr. 4 eigentleg har vegrett til heile veg nr. 2. Under utskiftinga låg husa på bnr. 4 oppe ved hovedvegen. Bongom meinte at bnr. 4 då hadde veg på eigen grunn ned til veg nr. 2 og vidare etter denne til sjøen. Som støtte for dette synet viste han til at bnr. 4 ikkje fekk vedlikehaldsplikt på veg nr. 2 over bnr. 5 og 6.

Husa på bnr. 4 vart flytta ned frå hovedvegen 10 - 15 år etter utskiftinga. Dette tunet er nå skilt ut som bnr. 36.

Bongom meinte at dersom ikkje bnr. 4 har vegrett over bnr. 5 og 6 kan heller ikkje dei tomtene som er skilt ut frå bnr. 4 ha slik rett. Han var fullt merksam på at vegen over bnr. 5 og 6 er den som vert nytta idag. Og Bongom som nå og er eigar av bnr. 4 var og klår over at dette kanskje og vert beste løysinga i framtida. Men jordskifteretten må fastsetja reglar for bruken, m.a. vedlikehaldet.

Vidare peika Bongom på at veg nr. 2 i si tid vart lagt ut med 2,5 m utanom grøfter. I dag er dette for lite og vegen bør utvidast til 3,5 m køyrebane. Over bnr. 6 er dette gjort etter avtale med eigaren av bnr. 6. Bongom ynskte nå slik utviding også over bnr. 36.

Lars Sellevold, for bnr. 36, sa at han godtek 2,5 m veg over bruket. Men nakon utviding ville han ikkje gå med på.

Tomteeigarane såg det og som ein føremøn at jordskifteretten nå ordna opp i desse spørsmåla. Dei var og viljuge til å ta sin del av vedlikehaldet. Nokre av dei fann det og rimeleg at dei må ta del i kostnadene med utviding av eventuell omlegging av vegen.

Retten og partane tok synfaring. Under synfaringa fekk retten påvist veg nr. 2. Ein fekk og påvist den sjøvegen Bongom meinte at bnr. 4 fekk ved utskiftinga.

Vidare fekk ein påvist dei hytte- og nausttomtene som har interesse i denne saka. Det vart peika på trasèen til "Den gamle Gangsti fra Postveien til Rydlandsnæsset". Denne stien er skildra som veg nr. 5 ved utskiftinga. Både bnr. 20 og bnr. 36 skal nytta deler av denne stien som atkomstveg.

Under synfaringa vart det påvist og drøfta ymse omleggingar av vegen. Andre sider ved problemet, m.a. parkeringsplass for hytteeigarane vart og nemnt.

Partane vart deretter permitterte og retten drøfta saka.

Kravet gjeld ny vurdering av veg som tidlegare er lagt ut ved jordskifte. Alle partane er og samde i at dei ymse problema med veg og vegrettar vert løyste og føresegner gjevne for framtida.

Jordskifteretten gjorde slikt samrøystes

vedtak:

Kravet om jordskiftesak, som Ingvald Bongom har sett fram i brev av 4/6 1984, vert fremja.

Saka vert å utsetje på uviss tid. I mellomtida skal vegtrasear, grenser m.m. målast inn på kartet.

Innkalling til neste møte vert gjeve ved rek. brev.

Kostnader

Sum kostnader kr. 705,40
som førebels vart betalt av Ingvald Bongom.

Jordskiftemeddommarane fekk utbetalt det dei hadde tilgode.

Rettsmøtet slutt
Totland, 17. september 1987

Ole Johan Særigstad (s)

Kristen Laastad (s)

Kåre Refsdal (s)

Rett utskrift

VEDLEGG 4

4

År 1988, den 3. mai, vart Nord- og Midhordland jordskifterett på nytt sett i huset til Ingvald Bongom på gnr. 174, bnr. 5 i Lindås.

Rettsformann: Jordskiftedommar Ole Johan Serigstad.

Meddommarar: 1. Kåre Refsdal, Vågseidet
2. Kristen Laastad, Vågseidet

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr. 9/1984 - utsett frå 17/9 1987.

Saka gjeld:

Ny handsaming av veg nr. 2, utlagt ved utskiftinga på Totland, tgl. 7. januar 1893.

Der møtte:

Ingvald Bongom, Arnulf Hjelmtveit, Atle Aalen, Gunnar Hammerstad, Ole Hopland, Andreas Dalstø og Lars Sellevold.

Lovleg innkalla, men ikkje møtt:

Mogens Dalvang, Astrid Aalen og Berta Totland.

Ingen visste om tilhøve som skulle gjera nokon av rettsmedlemene ugilde.

Det kom heller ingen merknad til samansetjinga av retten.

Rettsformannen la fram:

13. Innkalling til rettsmøte, dat. 24. mars 1988, vedhefta kvittering for rek. brev.
14. Brev, dat. 15. februar 1988, frå Ingvald Bongom.
15. Kopi av skylddeling og skøyte vedk. bnr. 23.
16. Kart i M 1:1000 over vegar på gnr. 174, Totland.

Innkallinga vart opplesen. Ingen hadde merknad.

Avskrift av rettsboka for førre møtet er tidlegare sendt til partane. Ingvald Bongom peika på at det i referatet av hans innlegg er sagt at bnr. 4 ikkje fekk vedlikehaldsplikt i veg nr. 2 over bnr. 5 og 6. Han hadde også sagt at bnr. 4 heller ikkje fekk opparbeidingsplikt i den delen av veg nr. 2.

Elles kom det ingen merknad til referatet for førre møtet.

Sidan førre møtet har Ingvald Bongom sett fram tilbod om fri grunn til ny vegtrasè (dok. nr. 14). Han har også sagt seg viljug til å yta kr. 6000,- til opparbeiding av ny veg etter denne trasèen. Dette tilbodet vart sendt til alle partane i saka. Drøftingane nå dreidde seg stort sett om dette alternativet.

For dette møtet har rettsformannen saman med fylkesagronom Rekkedal hatt synfaring på den trasèen Bongom har gjort framlegg om. Etter Rekkedal si meining vil det kosta minst kr. 300,- til 400,- pr. m å byggja vegen. Men under den synfaringa var bakken snødekt og det var vanskeleg å gjera seg opp meining om grunn-tilhøva i deler av trasèen.

Saka vart drøfta. Under desse drøftingane tok retten og partane synfaring.

Fleire av partane meinte at fylkesagronom Rekkedal sitt overslag over opparbeidingskostnadene var for høgt. Dei kunne visa til fleire aktuelle vegarbeid der kostnadene vart monaleg mindre.

Ingen av partane hadde noko imot omlegginga av vegen. Men Arnulf Hjelmtveit, eigar av bnr. 6, sa at hans bruk berre har naust og at vegen er god nok slik han er i dag. Bnr. 6 skal derfor ikkje ha del i kostnadene med omlegginga, meinte han.

Lars Sellevold, bnr. 36, var og samd i omlegginga. Han var viljig til å betala kr. 15000,- som bnr. 36 sin del i omlegginga.

Atle Aalen (bnr. 13, 23) og Gunnar Hammerstad (bnr. 20, 34) var og samde i omlegginga. Men dei meinte at det ikkje var naudsynt med bilveg heilt fram. Parkeringsplass og gangeveg vidare fram vil og vera ei god løysing, meinte dei.

Ole Hopland, bnr. 24, sa at han berre hadde bruk for vegen som gangeveg.

Andreas Dalstø eig bnr. 27. Denne tomta er skilt frå bnr. 5 og har vegrett og veg over bnr. 5. Men bnr. 27 har trøng for parkeringsplass. Ingvald Bongom og Andreas Dalstø vart samde om at bnr. 27 skal ha rett til parkeringsplass etter tilvising frå eigaren av bnr. 5.

Etter noko meir drøfting vart partane orienterte om den vidare saksgangen og deretter permitterte.

Retten drøfta saka.

Alle brukarar, unnateke bnr. 27, vil ha nytte av denne omlegginga det her er tale om. For bnr. 6 er nyttien rett nok liten. Vegen er godt nyttande slik den er i dag; i alle høve til gangeveg. Men ein omlagd veg vil vera betre når eigaren av bnr. 6 skal nytta traktor ned til naustet.

Ingvald Bongom (bnr. 4 og 5) vert kvitt ulempene ved trafikk rett framom inngangsdøra. Han vil og verta kvitt den parkeringa han til nå har tillate ved driftsbygningen. Vidare vil han få høveleg veg fram til den jorda som ligg nordom bnr. 36.

Bnr. 36 vert fri ferdsla gjennom tunet. Dette bruket vil rett nok få noko lenger atkomstveg. Men vegen vil ikkje lenger gå tett i trappa på bnr. 5.

For hytteeigarane på bnr. 4 (bnr. 13 og 20) og også i noko mon for nausttomtene, bnr. 9 og bnr. 24, er vinsten stor ved omlegginga. Dei får ikkje berre køyreveg, men også løysing på det parkeringsproblemet dei til nå har hatt. Dette vil utan tvil også auka verdien av desse tomtene.

Dei problema som er reiste for jordskifteretten kan løysast utan at det vert bygd bilveg heilt fram til hyttetomtene. Ei løysing med veg heilt fram til kvar tomt vil og verta monaleg dyrare. Jordskifteretten kjem derfor til at beste løysinga er å byggja veg etter den nye traséen fram til den gamle sjøvegen. Ved enden av bilvegen vert det så lagt ut eit høveleg areal til parkeringsplass. Atkomst frå parkeringsplassen fram til dei einskilde tomtene vert i samsvar med tidlegare rettar.

Ingvald Songom sitt krav om at retten skal ta stode i spørsmålet om bnr. 4 og dei brukar som er skilde ut frå bnr. 4 har vegrett over bnr. 5 finn ein ingen grunn til å gå med på, slik saka nå har utvikla seg.

Jordskifтерetten gjorde slikt

vedtak:

1. Veg nr. 2, utlagt ved utskiftinga på Totland, vert omlagt slik som vist for partane i marka og avlagt på kartet.
2. Det vert lagt ut parkeringsplass ved enden av den omlagde lutten av vegen.
3. Alle andre vegrettar bnr. 9, 13, 20, 23 og 34 måtte ha på bnr. 4 og 5 fell vekk.
4. Bnr. 36 sin vegrett i samband med nausttomta bruket har er uendra.
5. Bnr. 36 sin vegrett over bnr. 4 og 5 skal fylgja den omlagde vegen med rett til høveleg atkomst fram til tunet. Vegrettar bnr. 36 elles måtte ha over bnr. 4 eller 5 fell bort.
6. Den off. gangsti over bnr. 4 og 5 er uendra.
7. Bnr. 27 sin vegrett er uendra ved denne saka.

Vidare handsaming av saka vart deretter utsett for å gje høve til å merka av og måla inn den nye vegtrasèen og parkeringsplassen.

Rettsmøtet slutt
Totland, 3. mai 1988

Ole Johan Serigstad (s)

Kristen Laastad (s)

Kåre Refsdal (s)

År 1988, den 22. september, vart Nord- og Midhordland jordskifterett sett på Refsdal, gnr. 95 i Lindås, med same rettspersonale som under rettsmøtet 3. mai d.å.

Sak nr. 9/1984.

Saka gjeld:

Ny handsaming av veg nr. 2, utlagt ved utskiftinga på Totland, tgl. 7. januar 1893.

Ingen av partane var innkalla og ingen møtte.

Ingvald Bongom har i telefon med rettsformannen, sagt frå at Bertha Totland og Lars Sellevold, eigarar av bnr. 36, skal ha rett til å nytta den nåverande vegen framom huset på bnr. 5 som gangeveg. Retten er ein personleg rett for Bertha Totland og Lars Sellevold og kan ikkje overdragast til andre.

Sidan siste møtet er vegen og parkeringsplassen avmerka, innmålt og avgjort på kartet.

Veg nr. 1 tek til i off. veg og fylgjer gardsvegen til bnr. 5 sør- og vestover til vegkrysset vestom driftsbygningen. Vidare sørover etter gardsveg fram til eit punkt der sørgrensa for vegen går i kurve til V (1) i fjell. Sørgrensa for vegen held fram i NVtV1/2V retning 56,1 m til V (2) i stein, i NV1/2V retning 28,0 m til V (3) i stein i NVTN retning 24,5 m til V (4) i fjell, i NV1/2N retning 23,0 m til V (5) i fjell, i NV1/2V retning 47,0 m til V (6) i fjell. Herfrå i kurve fram til V (7) i fjell, til P (8) i fjell i austgrensa for den gamle sjøvegen og vidare etter den gamle vegen fram til sørgrensa for parkeringsplassen.

Veg nr. 2 Frå bnr. 36 skal det opparbeidast veg på lagleg stad ned (sørover) til veg nr. 1 ved vegmerke nr. 5.

Parkeringsplass. Ved enden av veg nr. 1 er det lagt ut areal til parkeringsplass.

Dette arealet er i nordaust, søraust og sørvest avgrensa av ei grense som tek til i merke nr. 8 og går i SATS1/2S retning 8,2 m til P (9) i fjell, i SVtV retning 10,1 m til pel (10) og i NVtV retning 6,2 m til pel (11) i kanten av den gamle sjøvegen. I nordvest er arealet avgrensa av sjøvegen.

Dei nye vegane skal opparbeidast til køyreveg med 3 m køyrebane + turvande bankettar, grøfter og skråningar.

Under opparbeidinga av vegane kan det, i samråd med grunneigaren, gjerast mindre endringar i den her skildra trasèen.

Vegane og parkeringsplassen er bruksrettar.

Gnr. 174, bnr. 9, 13, 20, 23, 24 og 34 har rett til å nytta veg nr. 1 fram til parkeringsplassen. Vidare fram til desse brukar kan eksisterande vegar og stiar nyttast som gangeveg.

Gnr. 174, bnr. 6. Dette bruket har naust ved sjøen med atkomst etter den gamle sjøvegen. Vegretten er lagt om til å fylgja etter den nye trasèen. Elles er innhaldet i vegretten for bnr. 6 uendra.

Gnr. 174, bnr. 36. Dette bruket har rett til å nytta veg nr. 1 fra off. veg fram til veg nr. 2 og veg nr. 2 fram til bruket.

Dei nåverande eigarane av bnr. 36, Berta Totland og Lars Sellevold, får ein personleg rett til gangeveg etter den gamle sjøvegen framom husa på bnr. 5 fram til bnr. 36.

Den retten til gangsti ned til nausttomta, som er skildra i skyldskiftet for bnr. 36, er uendra ved denne saka.

Gnr. 174, bnr. 4, 5. Desse bruka har rett til å nytta veg nr. 1 og vidare etter den gamle sjøvegen som atkomst til sjøen.

Gnr. 174, bnr. 27. Vegretten til dette bruket er uendra ved denne saka. Etter avtale skal bnr. 27 få tilvist parkeringsplass av eigaren av bnr. 5.

Rettar og plikter i samband med den off. gangsti er uendra ved denne saka.

Alle andre vegrettar som gnr. 174, bnr. 6, 9, 13, 20, 23, 24, 27, 34 og 36 måtte ha på gnr. 174, bnr. 4 og 5 fell bort.

Retten drøfta opparbeiding og vedlikehald av vear og parkeringsplass.

Ved fordeling av opparbeidingskostnadene er det m.a. teke omsyn til at bnr. 5 og bnr. 36 vert kvitt trafikken framom husa.

Bnr. 36 vert kvitt veg i det heile. Det er vidare lagt vekt på at eigaren av bnr. 5 har gjeve fri grunn til breiare veg enn den gamle. Han held og grunn til parkeringsplass. Vidare er retten merksam på at det må setjast visse krav til vegstandarden av omsyn til biltrafikken ned til parkeringsplassen.

Ved fordelinga av kostnadene til vedlikehald er det lagt vekt på den nyten kvart bruk vil ha av vegen.

Opparbeiding.

Det vert ikkje pålagt noko opparbeiding i dei gamle gardsvegane. Turvande arbeid der vert å rekna som vedlikehald.

Kostnadene med opparbeiding av veg nr. 1 vert delt slik:

Frå nåverande gardsveg fram til veg nr. 2:

Gnr. 174, bnr. 4, 5 :	20%
" 174, " 9 :	5%
" 174, " 13, 23:	20%
" 174, " 20, 34:	20%
" 174, " 24 :	5%
" 174, " 36 :	30%

Resten av veg nr. 1 fram til parkeringsplassen:

Gnr. 174, bnr. 4, 5 :	20%
" 174, " 9 :	5%
" 174, " 13, 23:	35%
" 174, " 20, 34:	35%
" 174, " 24 :	5%

Kostnadene med opparbeiding av veg nr. 2 vert delt slik:

Gnr. 174, bnr.	4, 5 :	20%
" 174, "	36 :	80%

Opparbeiding og vedlikehald av parkeringsplassen vert delt slik:

Gnr. 174, bnr.	9 :	5%
" 174, "	13, 23:	45%
" 174, "	20, 34:	45%
" 174, "	24 :	5%

Vedlikehaldet av vegane vert delt slik:

Veg nr. 1

Frå off. veg ned til den her omtala nye delen av vegen:

Gnr. 174, bnr.	4, 5 :	42%
" 174, "	6 :	2%
" 174, "	9 :	3%
" 174, "	13, 23:	10%
" 174, "	20, 34:	10%
" 174, "	24 :	3%
" 174, "	27 :	10%
" 174, "	36 :	20%

Vidare fram til veg nr. 2:

Gnr. 174, bnr.	4, 5 :	32%
" 174, "	6 :	2%
" 174, "	9 :	3%
" 174, "	13, 23:	15%
" 174, "	20, 34:	15%
" 174, "	24 :	3%
" 174, "	36 :	30%

Frå veg nr. 2 fram til parkeringsplassen:

Gnr. 174, bnr.	4, 5 :	18%
" 174, "	6 :	2%
" 174, "	9 :	5%
" 174, "	13, 23:	35%
" 174, "	20, 34:	35%
" 174, "	24 :	5%

Veg nr. 2

Kostnadene med vedlikehaldet av veg nr. 2 fell på eigaren av gnr. 174, bnr. 36.

Arbeidet med opparbeiding av vegane skal ta til innan 1. mai 1989. Eigaren av gnr. 174, bnr. 4 og 5 vert sett til å styra arbeidet med opparbeidinga av vegane og får såleis ansvaret med å setja arbeidet igang.

Dei nåverande vegane skal kunna nyttast til dei nye vegane er ferdige.

Kostnader.

		Sum	<u>kr 6767,40</u>
--	--	-----	-------------------

som vert å betala slik:

Gnr. 174, bnr. 4 og 5:	kr 1417,40
" " " 9 :	" 500,-
" " " 13 og 23:	" 1350,-
" " " 20 og 34:	" 1350,-
" " " 24 :	" 500,-
" " " 27 :	" 300,-
" " " 36 :	" 1350,-

Eigaren av bnr. 4, 5 har tidlegare betalt kr 1205,40. Han skuldar nå kr 212,-.

Dei skuldige summane skal vera innbetalte til retten innan 15 - femten - dagar etter at saka er forkjent for partane.

Forkynning:

Forkynning skjer etter reglane for postforkynning. Ankefristen er 2 - to - månader rekna frå forkynningsdagen.

Ikraftsetjing:

Denne jordskiftesaka på Totland, gnr. 174 i Lindås trer i kraft 1. januar 1989 under tvang etter lova.

Den tinglyste utskrifta vert sendt til eigaren av gnr. 174, bnr. 5 som skal ta vare på den til sams bruk.

Rettsboka vart opplesen for meddommarane.

Rettsmøtet slutt
Refsdal, 22. september 1988

Ole Johan Serigstad (s)

Kristen Laastad (s)

Kåre Refsdal (s)

Rett utskrift: